



Info

juni 2016

AVLØYSARTILSKOTET (2015) – vart utbetalt 1. juni

Avløysartilskotet for i år, 2016, vart uendra. Kr null i tillegg over jordbruksavtalen. Grunnlaget for avløysartilskotet er dyretalet pr. 1.1.2016.

Alle må leige avløysar, dokumentere lønsutgifter, for å få avløysartilskotet utbetalt. Ingen endring, med andre ord.

INNBETALING

Landbruks- og matdepartementet har bestemt at utbetalinga konsekvent skal gå til bonden. Her er ikkje lengre høve til å krysse av på søknadsskjema, verken på ferie og fritid eller sjukdom. Styret ønskjer difor at de sjølve innbetalar til laget. Det er til felles beste for alle partar – bonden, avløysaren og landbrukstenester. Sjå vedlagt manuell bankgiro og skriv inn kid sjølv.

Nytt Websystem og ny faktura. Ny form.

Utestående/til gode frå i fjor er lagt til/trekt frå for dei det gjeld.

Det er viktig at de nyttar det nye bankkontonummeret : **3730 05 07108 og kid (sjå rapport og same kid kvar gong de innbetalar til oss)**

Faktura blir utsendt på e-post som hovudregel.

Forbetra medlemservice, Webtemp

Som bonde kan du no logge deg inn i det nye websystemet.

Sjå rettleiing på www.landbrukstenester-sogn.no (de finn knappen i høgre sidfelt på framsida).

Du ser innleverte timelister frå avløysaren, du godkjenner timelistene og det er høve til å ta ut fakturakopi. Når som helst kan du gå inn og sjekke saldo og rest avløysartilskot.

Avløysaren

Avløysaren kan sende timelister elektronisk. Sjå rettleiing heimesida. Frist: Den 30. kvar månad.

Me må ha beskjed når de ønskjer å starte med elektroniske timelister. Epost: itsogn@n-lt.no

Etter at avløysaren har sendt inn timane sine, går det ein epost til deg som bonde der du skal godkjenne timelista (timar og sats).

Me tek sjølvsagt imot timelister på papir også. Alle må ha arbeidsavtale.

Avløysaren sender inn timane sine etter kvart som ho arbeider slik som tidlegare.

Landbrukstenester Sogn, Pyramiden, 6868 Gaupne - tlf. 909 62157 - fax. 947 61353 -

<http://www.landbrukstenester-sogn.no/> - Org.nr. 971 364 041 – mobil 917 76626

Email: aud.fossoy@n-lt.no, solveig.sperle@n-lt.no

Indre Sogn Sparebank



FORSKRIFT VED SJKDOM M.V.

DISPENSASJONAR

Det har vore ein del fram og tilbake når det gjeld dispensasjonar i forhold til næringsinntekt. Dette er regulert i Rundskriv 2015-43 og 2016-13 frå Landbruksdirektoratet.

I drøftingsmøte med direktoratet, Landbruksdepartementet og faglaga har NLT (Norske Landbrukstenester) argumentert for at bonden framleis må kunne søkje om dispensasjon. Dette har ein delvis fått gjennomslag for jmf. rundskriv 2016-13;

Les meir på <https://www.slf.dep.no/no/>

Avløysartilskot ved sjukdom, kr 1 500 pr. dag er uendra. (Aukar til kr 1 530 frå 1.1.2017)

Me minner om krav til ½ G i næringsinntekt (2013-2014) for å ha rettar i velferdsordningane ved sjukdom m.v. *Nyetablerte brukarar kan søkje om dispensasjon ved dokumentasjon av aktiv drift og «at produksjonen ved inngangen til avløyingsperioden var av ein slik art og storleik at dette i eit normalår vil kunne gje den avløyste ei næringsinntekt på minst ½ G.»*

Andre gardbrukarar kan søkje om dispensasjon frå krav om næringsinntekt: «I ein del tilfelle kan det vere ei bestemt årsak som har gjort at drifta i føretaket akkurat dei to siste åra føretaket har fått skatteoppgjjer for, per 1. januar i avløyingsåret, ikkje gav slike resultat at jordbrukaren fekk minst 1/2 Gi næringsinntekt»

Direktoratet presiserer at kvar enkelt søknad skal vurderast konkret.

Søkjjar (bonden) har ansvar for å skaffe og levere dokumentasjon på at vilkåra for rett til tilskot er oppfylt.

HMS

Arbeidstilsynet har godkjent HMS-systemet vårt. Les på websida vår.

LANDBRUKSVIKARANE

Pris pr. dag:

Sjukdom: kr 1 500

Ferie og fritid: kr 1 670. Helg fritid: kr 2 010.

Vakttelefon, Aud, mobil: 917 76626.

Ferietid: 11. – 29. juli.

God sommar frå Solveig og Aud ☺☺

